



Bjarte Langeland  
Sagstadvegen 96  
5919

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2825 - 19/1317

Saksbehandlar:  
Inga Lill Holen  
inga.lill.holen@meland.kommune.no

Dato:  
21.01.2019

## Angående tilknytingsavgifta i tilbakebetalingskravet

Viser til krav om tilbakebetaling av kommunale avgifter for vatn og avløp av 14.01.2019.

Meland kommune har beregna feil i ovannemnde tilbakebetalingskrav når det gjeld tilknytingsavgifta. Vi beklagar for ulempa feilen har medført deg.

Det følgjer av forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) § 16-3 at plikta til å betale eingongsgebyr for tilknytning oppstår når «en ellers gebyrpliktig eiendom blir bebygd, eller når gebyrplikt for bebygd eiendom inntreir etter lov om kommunale vass- og kloakkavgifter (lova er oppheva og erstatta av lov om kommunale vass- og avløpsanlegg)» § 1. Kommunen skal i forskrift bestemme nærare reglar for beregning og innkreving av gebyra, jf. forurensningsforskriften § 16-1.

Dei lokale forskriftene til Meland kommune har reglar om tilknytningsgebyr (eingongsgebyr for tilknytning) i § 5 i forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Meland Kommune. Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Meland kommune er vedteke av kommunestyret den 17.12.2014 med heimel i lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og forurensningsforskriften § 16-1 andre ledd. Etter tredje ledd skal «Eingongsgebyret ... betalast ved tilknytning første gong». Vidare er det bestemt at «Ved ombygging/ending av noverande bygg slik at det vert fleire abonnentar i bygget, skal kvar ny abonnent betale tilknytningsgebyr».

Følgjeleg skal det betalast eit eingongsgebyr for tilknytning når abonnenten vert tilknytta kommunal vass- og/eller avløpsledning anten direkte eller gjennom privat leidningsnett. Det er tidspunktet for eigedomens fysiske tilknytning som er avgjerande for når gebyrplikta inntreiff.

Kommunen føreset at eigedom 24/9 har hatt offentleg vatn og avløp i fleire år. Plikta om å betale tilknytningsgebyr oppstod då tilknytninga fant stad. Kommunen kan som nemnd i tilbakebetalingskravet ikkje sjå at tilknytningsgebyret har vore blitt betalt.

Kommunen kan ikkje stadfeste tidspunktet for når gebyrplikta begynte å løpe. Då di eigedom har vore tilknytt det offentlege leidningsnettet i fleire år legg kommunen til grunn at eit eventuelt krav om tilknytningsgebyr overfor eigar av gbnr. 24/9 uansett er forelda, jf. lov av 18 mai. 1979 nr. 18 om foreldelse av fordringer (foreldelsesloven) § 3 nr. 1, jf. § 10 nr. 4.

---

### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Sidan tilknytingsgebyret for vatn og avløp er eit eingongsgebyr, kan ikkje kommunen krevje nytt gebyr for tilknytning.

Du skal følgjeleg ikkje betale tilknytingsavgift for verken vatn eller avløp.

Korrigert faktura vil bli sendt ut.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Inga Lill Holen  
juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**  
Bjarte Langeland

Sagstadvegen 96 5919